



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin biskop

Meland sokneråd  
Pb 117  
5906 FREKHAUG

Anne Sofie Nergård Uthaug

Dato: 04.11.2019

Vår ref: 19/04235-3

Dykkar ref:

## Meland kyrkje - mellombels bygg nærare kyrkja enn 60 m - gbnr 17/4 brakker for undervisning

Vi viser til dykkar e-post 4. oktober med søknad om godkjenning av at det blir sett opp mellombels undervisningsrom i ein brakkerigg ved Meland kyrkje.

Bygget ligg nord for kyrkja, men nærare kyrkja enn 60 m. Difor må tiltaket godkjennast av biskopen. Plasseringa «bak» kyrkja, på nordsida av grusplassen nord for kyrkja, nær vegetasjon, gjer at bygget ikkje skjemma kyrkja for mykje. Bygget skal brukast mellombels, og brakkene skal flyttast etter bruk.

Meland kyrkje samlar mange til gudsteneste og det er bruk for lokalet til sundagsskule for dei minste borna. Så lenge soknet berre har denne eine kyrkja, vil ein ha bruk for å finna løysingar i eller nær kyrkja.

Under føresetnad av at dette blir eit mellombels tiltak, og at ein søker om ny godkjenning dersom brakkene skal stå lenger enn 1. januar 2022, godkjenner biskopen at det blir sett opp brakker som omsøkt. Vedtaket er gjort med heimel i kyrkelova § 21 og delegasjonsskriv frå departementet av 15 april 2000. Vedtaket kan klagast til Kulturdepartementet seinast tre veker etter at det er motteke, jf forvaltningslova § 29. Ein slik klage skal sendast om biskopen.

Med helsing

Tore Skjæveland  
kyrkjefagsjef

Jens Z. Meyer  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

Mottakarar:

Meland sokneråd, Anne Sofie Nergård  
Uthaug

Pb 117

5906 FREKHAUG